



Erlend Moen: - God respons på skule-utspelet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utspelet frå FAU i Uskedalen om at barneskule-elevar må bli betre førebudd på kva som ventar dei i ungdomsskulen har fått god respons. Det opplyser leiar Erlend Moen til Kvinnheringen.

I brevet peika foreldrearbeidsutvalet at det ikkje er opplegg og rutinar for gode overgangar frå den eine skulen til den andre.

Etter at brevet vart sendt til kommunen har både ungdomsskulen og barneskulen kome på banen og informert om opplegget dei har i dag.

FAU i Uskedalen har også vorte oppfordra til å koma med innspel og forslag til korleis dette kan bli betre, og det ser Moen svært positivt på.

- FAU vil difor ta oppfordringa og setja oss ned og diskutera korleis vi saman kan løysa dei problema som ikkje vert løyst med dagens opplegg. Det er svært positivt at skulene har kome raskt på banen i denne saka.

Det viser kor viktig det er at foreldra engagerer seg for borna sitt beste og at skulane er samarbeidsviljuge slik at det kan bli eit samspel mellom skule og heim, seier Moen.